



LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 13.11.2018  
Vår ref.: 2018/11194-10  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.:

## **Varsel til grunneigarar om arkeologisk registrering - detaljregulering for E39 Vikane-Eikangervåg - Lindås kommune**

Hordaland fylkeskommune viser til oppstart av detaljregulering for E39 Vikane-Eikangervåg i Lindås kommune datert 15.05.2018. I samband med planarbeidet er det naudsynt å gjennomføre arkeologisk registrering i planområdet, jf. § 9 i kulturminnelova. Arbeidet vil verte utført av Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune som regionalt kulturminnemynde.

Målet med registreringa er å få kartlagt om det er automatisk freda kulturminne som til no ikkje er kjende i det aktuelle området. Arkeologar frå Fylkeskonservatoren vil gjennomføre arkeologiske undersøkingar i planområdet i veke 47-49. Registreringa vert utført ved søk etter synlege kulturminne og prøvestikking med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm store og vert lagt igjen når arbeidet er utført. Ein vil ikkje undersøke nær bygningar eller stader med moderne terrengingrep.

Ved spørsmål eller merknader til ovanfor nemnde er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren v/ sakshandsamar Sigrun Wølstad, tlf. 99 23 37 71, [Sigrun.Wolstad@hfk.no](mailto:Sigrun.Wolstad@hfk.no) eller fagkoordinator for arkeologisk feltarbeid Monika Serafinska, tlf. 48 99 12 97, [Monika.Serafinska@hfk.no](mailto:Monika.Serafinska@hfk.no).

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

STATENS VEGVESEN